

# Høyringsfråsegn til "Nasjonal ramme for vindkraft" frå "Bevar heiane"

## Generelt om vidare vindkraft i Noreg

Vi er glad for at det endelig er utarbeidd ein nasjonal ramme for vindkraft.

Men at Noreg sin produksjon av vindkraft fører til redusert utslepp av CO<sub>2</sub> i Europa har vi inga tru på. NVE skriv at: *"For å vise sammenhengen mellom klimagassutslipp fra europeisk kraftproduksjon og landbasert vindkraft i Norge, har vi simulert vindkraftens påvirkning på klimagassutslipp fra det europeiske kraftmarkedet. I simuleringene vil 10 TWh norsk vindkraft i 2025 redusere de årlige utslippene med rundt 5 millioner tonn CO<sub>2</sub>. Dette tilsvarer om lag 10 prosent av Norges samlede utslipp."* Men det er ingen som har greid å visa at kraft frå Noreg fører til redusert utslepp av CO<sub>2</sub>. Sjølv Tyskland si store satsing på vindkraft har ikkje ført til dokumentert redusert utslepp av CO<sub>2</sub>. Så her er NVE si simulering villeiande. Samtidig seier den at vindkrafta skal eksporteras til Europa. Det vil få igjen er auka kraftprisar og minkande råderett over eiga kraft etter kvart som nye energipakkar i ACER vert fasa inn. Det kan setja vår kraftkrevjande industri i fare. Og uansett vil Noregs krafteksport berre vera ein dråpe i havet i høve til Europa sitt kraftbruk. Dette har vore vist i fleire avisartiklar, og vi vil og visa til etterordet i Hogne Hongset si bok "Vindbaroner."

Generelt vil vi seia at dei områda med urørt natur som Noreg har igjen, bør bevaras av omsyn til dyre og fugleliv, friluftsliv og turisme, og ikkje minst for levelege tilhøve og trivsel for fastbuande i bygdene. FN sin rapport om naturmangfald viser at mange dyre-, fugle-, insekt- og planteartar står i fare for å døyt ut eller er sterkt reduserte, og at ein viktig årsak er mennesket sin reduksjon av leveområda. Vi treng derfor dei urørde naturområda vi har igjen! Det er betre at Noreg er Europa si "grøne lunge" for biologisk mangfald og naturopplevingar, enn at store deler av norsk natur for alltid blir øydelagd av store industrianlegg! Noreg har eit stort ansvar her. Vi er mellom anna bundne av internasjonale konvensjonar. Øydelegginga av norsk urørt natur er etter vår meining ikkje legitimt, sjølv om målet er å erstatta fossil energi i Europa med rein straummengde frå Noreg. Denne straumen er berre ein brøkdel av det som trengs, det er heller ikkje godtgjort at den fører til erstatning av urein fossil kraft. Alternative vegar til "Die Energie Wende" som tyskarane kallar det, har ikkje vorte teken opp i det offentlege ordskiftet, før ein startar øydelegginga av norsk natur. Det er og mogleg å få mykje kraft ut av modernisering/oppgradering av gamle vasskraftanlegg. Det er dessutan mykje å henta på energisparing og –effektivisering, med gode ordningar for rådgjeving og tilskott. Her må det lagast ei nasjonal plan med konkrete mål; det er ei skam at Noreg er ei sinke i Europa på dette området. NTNU og SINTEF tilrår å satse på havvind (sjå <https://www.tu.no/artikler/tre-rad-for-baerekraftig-utbygging-av-vindkraft-i-norge/471350>). Ganske nyleg har regjering støtta Equinor sitt flytande havvindprosjekt. Noreg har teknologi og erfaring til å bli med på havvindsatsinga, som no kjem for fullt over heile verda. Til havs kan ein få mykje meir straum ut av langt mindre areal enn til lands. Men ein må ha gode konsekvensutgreiingar (KU) her og for å unngå fiskebankar, korallrev og fugletrekk.

**Så vår oppmoding: Skrinlegg vidare planar for landbasert vindkraft og sats til havs dersom meir vindkraft er naudsynt!**

## Områda i Sirdal og Kvinesdal i Nasjonal ramme for vindkraft

Bevar Heiane er en lokal medlemsbasert organisasjon som først heitte "Nei til Tonstad Vindpark", og da Buheii Vindkraft kom til, blei den utvida til å gjelde heiane i Kvinesdal og Sirdal. Vi har vore med i høyring både for Tonstad og Buheii vindkraftverk. Vi held oss til Kvinesdal og Sirdal i vårt innspel til "Nasjonal ramme for vindkraft" (seinare referert til som Nasjonal ramme). Men mesteparten av våre innspel, som er basert på dei to vindkraftverka, er og aktuelle for andre vindkraftutbyggingar. Mesteparten av Kvinesdal, bortsett frå dei nordlegaste områda som høyrer inn under reinen sitt leveområde ligg inne i det utpeika området. Det same gjer sørlege del av Sirdal opp mot Sinnes, berre reinen sitt leveområde og hyttefelt er unnateke.

### Vi vil først gje ei kort oppsummering, og så utdjupa ulike tema

- Innbyggjarane si meining må vera avgjerande, noko anna er udemokratisk. Og kommunestyra både i Sirdal og Kvinesdal har no sagt klart NEI til vidare utbygging av vindkraft i sine kommunar.
- Sirdal og Kvinesdal har ofra nok av naturen sin til stor vasskraftutbygging og vindkraftverk: Tonstad vindpark som er under bygging, og Buheii vindkraftverk som har fått konsesjon og levert MTA-plan. Dessutan har Kvinesheia vindkraftverk tidlegare fått konsesjon, og utbyggjar ønskjer no å bruke denne. Bergeheia vindkraftverk i Sirdal er meldt.
- Det er eit vanvittig forslag til rammeplan som er lagt fram for Kvinesdal og Sirdal (og Agder og Rogaland). Er det meininga at bygdene skal avfolkast? Skal heile heiane og bygdene omgjeras til industriområde?? Områda som inngår i Nasjonal ramme i Sirdal og Kvinesdal er for det aller meste urørde naturområde. Begge kommunane treng dei urørde områda dei har att, sjå førre punkt.
- Omsyn til dyre og fugleliv, spesielt hubrolokalitetar og trekkruiter for villrein som har frekventert heia i uminnelege tider talar imot meir utbygging. Det er og fleire andre raudlista fuglearter, samt trekkruiter for fugl og flaggermus som ikkje er kartlagt, og der ein må bruke "føre var" prinsippet. Dessutan er det mykje myr som bind CO<sub>2</sub>, som vil siva ut dersom ein startar anleggsverksemd.
- Næringskonflikt mellom vindkraft og utmarksnæring, friluftsliv, hytteliv for fastbuande, fjell- og hytteturisme og naturbaserte opplevingsaktivitetar.
- Støy: Det blir berre teke omsyn til kor høg lyd det er i hus og hytter. Og sjølv om støynivå er over grenseverdi for mange hytter, blir det berre gjeve tilbod om små "kompenserende tiltak". Måling av til dømes infralyd, som er meir omtala no, er ikkje gjort.
- Visuell dominans. Tonstad vindkraftverk har 204 m høge turbinar, Buheii vindkraftverk har planlagt 180 m høge. Bergeheia vindkraftverk som har sendt inn melding til NVE planlegg endå høgare, 250 m. Utviklinga har i alle år gått mot stadig høgare turbinar.
- Iskast, som gjer at planområda er livsfarlege i deler av vinterhalvåret.
- Store endringar frå KU til anlegg.
- Utbyggjar held ikkje kva dei lovar
- Det er ikkje klarlagt kven som skal rydda opp etterpå, dersom ein vindkraftoperatør slår seg konkurs og det ikkje er pengar til å ta ned turbinar og avvikla infrastruktur.
- Folkehelse; vindkraftutbygging skaper splid og ufred i bygdene. Nabo står mot nabo, slektning mot slektning. Tap av landskap ein er glad i, fører for mange til ein sorgreaksjon. Mange taper eit område dei brukte til friluftsliv, jakt og fiske.

### Utdjuping av tema

#### Sirdal og Kvinesdal har ofra nok urørd natur, og meiner no at nok er nok

Begge kommunane har store vasskraftutbyggingar; med store område neddemd, store steinfyllingar, tørrlagde elvar, anleggsveggar inn i urørde naturområde, store kraftgater (som 150 brei kraftgate frå

Ertsmyra og sørigjenom heia der også Tonstad vindpark no blir bygd). Dei seinaste åra har det kome til fleire småkraftverk, og vatnet i to elvar, Knabeåna og Solliåna, er nær ferdigbehandla for å overføra til Homstølvatn og vidare til Tonstad kraftverk.

Men kommunane har fått økonomisk kompensasjon for naturødelegginga i form av gode og stabile inntekter frå vasskraftproduksjonen, medan vindkraft gjev minimal kompensasjon i samanlikning.

Dei som får inntekta frå vindkraft, er utbyggjar og dei som eig vindkraftverka. At det er store pengar i vindkraft ser ein av at norske firma har spesialisert seg i å prosjektera vindkraftprosjekt fram til godkjenning og så selja til utanlandske investorar. Sjå reportasje i DN (Dagens Næringsliv) tidlegare i år, der det blei hevda at Norsk Vind Energi, som har sendt melding om Bergeheia vindkraftverk, har tent opp imot ein milliard kroner på utvikling og sal av vindkraftverk. Medan folk flest må betala auka nettleige for nye/oppgraderte kraftliner, tillegg på straumrekninga for grønne sertifikat osv. Det er ei massiv subsidiering av vindkraft frå folk flest i Noreg, til eigarane i utlandet. Den kraftkrevjande industrien har og fått stor auke i straumutgifter på grunn av auka nettleige og utanlandskablar (sjå Klassekampen 26.9 s. 10-11). Det er dårleg samfunnsøkonomi dersom vår kraftkrevjande industri blir utkonkurrert av tilsvarande industri som har langt større klimaavtrykk i utlandet.

På grunn av den store utbygginga av Ertsmyra og stor linjekapasitet ned til kysten og utanlandskabel, reknar vi med at det berre er eit tidsspørsmål før det kjem søknadar om utviding både av Tonstad vindpark og Buheii vindkraftverk. Tonstad vindkraftverk har alt prøvd seg på utviding inn i Kvinesdal, noko Kvinesdal sa tvert nei til. Men fleire politiske parti og andre på landsplan meiner at eit kommunalt nei kan overprøvast. For utbyggjarar og NVE/OED er det mykje rimelegare å utvida eksisterande vindkraftverk i eit område med godt utbygd kraftnett enn å starta ny søknad i eit urørd område. NVE har og med heile området til nord for Josdalen i sin Nasjonal ramme.

NVE seier i Nasjonal ramme at områda er valde av di ein reknar med mindre konflikt her. Men kva er konflikt? Til Tonstad vindkraft var det brev og underskrifter frå ca 600 personar som protesterte mot vindkraftutbygging der for fleire år sidan. No har over 1700 skrive under mot vindkraft i Sirdal. Men det er vel ikkje folkemengda i kvar bygd som skal avgjera konfliktnivået? Eller er målet å avfolka bygdene?

Men sjølv om kommunane skulle få betre kompensert for vindkraft, meiner vi at nok er nok.

Kommunane må vera attraktive slik at folk vil slå seg ned her, og trivsel og tilgang til urørt natur er ein viktig faktor ein ikkje må gløyma.

### **Plassering i urørde naturområde**

Vi meiner at INON må attende som omgrep i arealplanlegginga. Enkelte dyre og fugleartar, som Noreg har et spesielt ansvar for å ta vare på, som rein, eller er utryddingstruga, som hubro, er svært vare for menneskeleg aktivitet, og treng store, urørde naturområde. Naturmangfaldloven blir etter vår meining utan innhald slik lova blir praktisert ved at sårbare dyre- og fugleartar ikkje har godt nok vern. Buheii og Tonstad vindkraftverk er lagt i eit av dei beste hubrohabitata i Noreg. Der reiste Fylkesmannen innsigelse av omsyn til hubro, og ornitologane meinte og at vindkraftverka var ei for stor belastning for bestanden. Medan NVE og OED gjekk imot fagfolka og konkluderte med at så ikkje var tilfelle. I Sirdal og Kvinesdal har fragmentering av urørde naturområde gått altfor langt allereie.

### **Innverknad på dyr, og fuglar og myr**

Å ta vare på resten av naturen i Sirdal og Kvinesdal er viktig med omsyn til raudlista fugleartar.

Hubro er i fare for å bli utrydda, sjå punkt foran. Den har fått innskrenka sitt leveområde med godt over 30 km<sup>2</sup> med utbygging av Buheii og Tonstad vindkraftverk. Bergeheia vindkraftverk som er meld, ligg og innan Noregs beste hubrohabitat. Hubroen MÅ bli teken omsyn til, slik at vidare utbygging i desse området ikkje blir realisert. Men det er og ei rekke andre raudlista fugleartar i

Sirdal, jf. KU for Tonstad vindkraftverk. Fugle og flaggermustrekk som kjem til Noreg og ”kysten Åna Sira og dalstroka innafor” er lite kartlagt, jf. utgreiing som vedlegg til Rammeplanen. Ein trur at Sirdal og Kvinesdal er viktige trekkområde saman med område langs kysten og nordover.  
(<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201903419/2733159>)

Store delar av Sirdal og Kvinesdal er innanfor leveområdet til Nord-Europa sin sørlegaste villreinstamme. Vi er internasjonalt forplikta til å ta vare på den. Nasjonal ramme har drege lina ved Heiplanen si grense, som er politisk bestemt. Setesdal Ryfylke villreinområde er eit av 10 villreinområde som har fått status ”Nasjonalt villreinområde”, som Noreg har internasjonalt ansvar for. Denne reinstammen er allereie sårbar. Leveområdet er oppstykkast mest på grunn av omfattande vasskraftutbygging, men også vegar og hyttebygging verkar inn. Tidlegare var det vanleg å sjå rein i fjella sør for Josedalen, og eitandområde for villrein gjekk sørover ned forbi Haughom, sjå kartlegging av villreinens arealbruk NVs rapport 6/2010. Tonstad vindkraftverk konkluderte med at av di dei tok omsyn til reinen i området frå Øksendal og nordover til Jodal, trekte dei seg ut frå området. Det har vore observert rein heilt ned i Krågelandsområdet i byrjinga av 2000 talet. Dåverande lensmann Helge Tonstad kan stadfesta dette. Kåre Ivar Ovedal på Tonstad kan fortelja om enkeltobservasjonar av rein. Buheii vindkraftverk ferdig utbygd, vil gje ein barriereeffekt for villrein som freistar å trekke sørover over Buheii. Tidlegare var det og definert eit stort marginaltandområde for villreinen sør for Hunnedalen innafor området som er vald ut i Nasjonal ramme. Dersom leveområda for villrein ved klimaendringar endrar seg, mellom anna ved at høgfjellsbeite isar ned om vinteren, og reinen treng å gå til tidlegare beiter, utanom grensene som no er trekt for han, kan den vera hindra av barrierevirkninga vindkraftutbygging representerar. Dette gjeld for alle randsonene til villreinen. Vi er difor ueinige med NVE og OED som hittil har avfeia alle argument om villreinen sin tidlegare bruk av område med Heiplanen sine grenser. Men da Heiplanen vart vedteke, var ikkje vindkraftverk aktuelle; hensynssone bygdeutvikling var meir meint å ivareta inntekt frå turisme og friluftsliv. Kva situasjonen blir for Setesdal Ryfylke villreinstamme blir ikkje på nokon måte reflektert i Nasjonal Ramme for vindkraft.

Eit anna moment er at i urørde naturområde til fjells, er det mykje myr. Myr bind mykje CO<sub>2</sub>, som siv ut når myrjord blir teken opp i samband med vindkraftutbygging. Da vi gjekk gjennom den nordlegaste delen av Tonstad vindkraftverk, såg vi at vegar gjekk gjennom vatn og myr, og det var mykje myrjord som var lagt til sides for seinare å dekkja sprengstein i fyllingar. Her blir nok ein god del CO<sub>2</sub> slept ut! Det er ikkje tema i noko utgreiing, og vi meiner at utslepp av CO<sub>2</sub> ved øydelegging av myr må vera med i framtidige konselvutgreiingar(KU).

### **Regionale konsekvensar når globale perspektiv manglar.**

Nasjonal Ramme for vindkraft omfattar svære områder aust og vest og nord for Sirdalsvatnet i både Agder og Rogaland, samt sørover i Kvinesdal. Å opna opp for å bygga vindkraftverk i eit så stort omfang, inneber i røynda at ein kan sei farvel til Naturmangfoldsloven og alt klassisk naturvern i denne delen av Noreg. FN's rapporterte nyleg om at verdas totale areal av urørt natur minkar faretruande. Dette føyer seg inn i eit globalt mønster der presset på natur og retorikken er sams enten ein er i Amazonas eller i fjellet og langs kysten i Noreg. I Brasil kan ein henta ut verdfulle edle treslag og ikkje minst brenna ned regnskog til beiteland og for å dyrka bønner, mais og soya. Kvifor skal ein ikkje gjera det? Folk treng jo mat! Tilsvarende kan ein seia her heime. Ein treng jo stadig meir energi, som ein sentral politikar uttrykte det! Derfor argumenterar sentrale politikarar no for at Stortinget skal kunne overprøva vedtak i dei kommunane der ein går imot vidare utbygging. Vi vil

påpeika at Storting og Regjering ikkje har levert når det gjeld karbonfangst. Meir av oljepengane som går til Staten kan nyttast til stimulerings tiltak i denne samanheng. Argumentasjonen om at vi må bygga ut meir vindkraft i urørt natur for å få ned CO2 utslepp held ikkje etter vår meining. Tillit til våre politikarar er avgjerande for vårt demokrati. Både politikarar og forvaltning må ta dette inn over seg.

### **Konflikt med næringsinteresser, turisme, friluftsliv og hytter.**

I plan utarbeidd av Vest-Agder fylke i samråd med kommunane, fekk både Buheii og deler av Tonstad vindkraftområde status som "Meget viktig" område for friluftsliv. I tillegg om Friluftsliv <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201903419/2729541>, seies at ein må unngå å leggja vindkraftverk i "Meget viktige" friluftsområde, og i "bymarka" til tettstader og byar.

Miljødirektoratet seier i sin analyse:

*"Området rundt Knaben er et svært viktig friluftsområde av regional betydning både sommer og vinter. Området har også et bygningsmiljø med stor kulturhistorisk verdi (Gruvesamfunnet Knaben). Vestre del av delområdet Øysteinsetet–Hovsknuden–Bergehei– Haughom, mellom Grønheia og Hovsknuden, er et vært viktig friluftslivsområde som henger sammen med viktig friluftslivsområde i nord, øst og sørvest. Den gamle ferdsselsveien (Brudleruta) mellom Sirdal (Josdal) og Kvinesdal (Salmeli) går gjennom området."*

No er allereie Buheii, som ligg inne i dette svært viktige friluftsområdet, teke til vindkraftutbygging, og området frå Haughom og nordover er teke med i Rammeplanen. NVE og OED MÅ no ta omsyn til dette, slik at bygdene både i Sirdal og Kvinesdal ikkje mistar meir av "bymarka" si. Det er viktig for å få folk til å søka jobb og busetta seg her, og ikkje minst for kommunane å halde på dei innbyggjarane som bur her.

I Miljødirektoratet sin analyse for tidlegare område 13 står under Friluftsliv:

*"Området mellom Sirdalsvatn–Sirdal–Hunnedalen og fylkesgrensen mot Rogaland er et svært viktig friluftslivsområde i nord med DNT hytter og løypenett."*

Vidare seies om samanhengande naturområde:

*"De sammenhengende naturområdene øker i størrelse innover mot øst. I området ved Svartevassknuten nordøst i analyseområdet er det tilrettelagt for friluftsliv med merkede turruter og overnattingshytter. Turrutene fortsetter innover til Sirdalsheiene."*

Same kva utbyggjar seier, eit vindkraftområde er eit industriområde. For turistar, dei som går frå hytte til hytte, og dei som ønskjer å ha hytta som ein stad dei kan slappe av, hente krefter og nyte fred og ro i naturen, er eit område med utbygd vegnett, store turbinar med roterande vengar (auget blir automatisk trekt mot det som rører seg), skuggekast, blinkande lys heile døgnet og støy ikkje attraktivt. Og synseffekten har ein gjerne i milevis avstand, sidan turbinane vert plassert på høgder og toppar, iallfall i vindkraftområda vi kjenner i Sirdal og Kvinesdal.

I Engerdal blei det bråstopp i hyttebygginga da vindkraftplanar bler kjend, og det lokale byggefirmaet gikk konkurs. Det ble utarbeidd eit samfunnsrekneskap, vi gjengir konklusjon for hyttenæringa i Engerdal: *"Samfunnsregnskapet lokalt kan oppsummere med at en salgsreduksjon på ca. 5 hytter årlig grunnet vindkraftutbygging, tilsvarer hele verdiskapingen og sysselsettingen av et vindkraftanlegg i anleggs- og driftsfasen samlet."* (sjå "Samfunnsregnskap lokalt. Vindkraft – Hyttenæringen i Engerdal. Verdiskaping – sysselsetting – forbruk – skatter. Revidert utgave 15.10.2012, ved Finn Vaagan Rådgivning, Hamar.)

Knaben, som er satsningsområde for turisme og hytter i Kvinesdal, viser liknande utvikling. Her er ein rapport frå den som driv landhandelen på Knaben:

” Eg driv Knaben Landhandel på Knaben.

Ein plass der Kvinesdal kommune verkeleg har satsa på turisme.

Her er ca 350 hyttar i dag, og mange av dei til fleire millionar kr.

Kommunen godkjente for 600 nye hyttetomter.

MEN Kommunen gjekk og inn for vindturbinar på Buheii, rett i solnedgangen for dei fleste av hyttane.

Etter at desse planane blei kjend har det vore veldig labert med sal av nye hyttar.

Pluss at nokre av dei siste som har bygd følar seg LURT, for ingen har fortalt noko om vindturbinplanar.

Ringvirkninga er STOR på Knaben.

Omsetninga på min butikk har rasa ned.

Her er lite arbeidsfolk og derfor lite handel midt i vekene.

2 store investorar har trekt seg ut av Knaben kun pga turbinplanar.

Det virkar på meg som at me som er fastbuande her i dette område er ingenting verdt.

Verken NVE eller OED tek nokon av innvendingar me har på alvor, ikkje om det dreier seg om raudlista fugl, villrein eller menneskelige lidningar som til dømes psykiske problem og splitting i lokalsamfunn.

Mine utviklingsplanar for ny butikk på Knaben er øydelagt.

Den hadde vore bygd ferdig og i drift nå med leiligheter i 2.etasje seld for finansiering. Men dei som meldte interesse for leilighetane, ja dei trakk seg når dei fekk høyrte planane om vindturbinar på Buheii.

Når svaret frå NVE og OED på klaga me legg inn blir at ”fordelane” er større enn ulemper, ja då vil me berre spør : FOR KVEN ???????”

I Sirdal har det nyleg vore ein underskriftaksjon, der meir enn 1700 skreiv under listene MOT meir vindkraftutbygging i Sirdal . Av desse var over 400 fastbuande over 14 år. Og meir enn 700 underskrivarar var hytteigarar. Det viser at fastbuande, turistar og hyttfolk vil ha bygda og heia utan vindkraftverk, og at vindkraft og hytteturisme ikkje går saman. Sirdal satsar stort på hytter og annan turisme. Det same gjer Kvinesdal, der underskriftsaksjonar har gjeitt mange underskrifter på Knaben og i nærområdet til Buheii. Hyttebygging, vedlikehald og aktivitetar for turistar gjev langt større og varige inntekter enn vindkraftanlegg for bygdene.

På Buheii beiter sauer, og det er uklårt om kva som bli gjort for å sikra at det fortsett kan vera trygt sauebeite.

Vi meiner at eit samfunnsrekneskap som det som blei gjennomført i Engerdal må vera obligatorisk i KU. Og det må ikkje vera utbyggjar som skaffar det. Vi har erfart nok såkalla upartiske utgreiingar som klart er i utbyggjar sin favør. F.eks nedgraderte Multiconsult området for Buheii til ”Viktig” friluftsområde i staden for ”Svært viktig”, som står i fylket sine planar.

## **Støy**

NVE sin temarapport om støy er nyttig lesing. Men i praksis følgjes ikkje den strenge regelen om at støy ved støyfølsomme hytter og bustadar ikkje skal vera over 45 dBA. Ved Tonstad vindkraftanlegg er det iflg Multiconsult 27 hytter med støybelastning 59 - 46 dBA . Sirdal kommune sende inn klage

der dette var eit av tema, men fekk ikkje medhald verken av NVE eller OED. Eigarane fekk tilbod om kompenserande tiltak for 50.000 kr. ved støy 45-50 dBA og 100.000 kr. ved 50-55 dBA til nye vindaug og dører, skjerma terrasse etc. Dei tre siste hyttene fekk tilbod om oppkjøp. Pr 2.juli d.å. var det framleis 13 hytter utanfor planområdet som ikkje hadde godteke "avtalen" frå TV v/ Multiconsult. Dette fordi avtalen 1) ikkje kompenserer nok, og 2) set som vilkår for støytiltak at hytteeigar må akseptere *"etableringen og driften av Tonstad vindkraftverk"* og *"tåle enhver ulempe som dette måtte innebære for Eiendommen og Hytten"*. Kva hytter med *"grunneier med avtale"* får, er ukjent. Å flytte eller ta bort turbinar, som Sirdal kommune foreslo, blei ikkje sett på som aktuelt. I staden blei søknad om auka kapasitet innvilga.

Påpeking av at eit stort område rundt Buheii, bl.a. ei mykje brukt skiløype opp til varden på Bergeheii - et viktig turmål - hadde støy over 40 dBA (jfr. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442), blei avfeid med at Sirdal kommune ikkje hadde markert det som "grønn sone". Noko kommunen ikkje meinte var naudsynt, sidan heile området, inkludert Buheii, var merka som "Meget viktig friluftsområde" i fylket si plan, og ut frå definisjonen der, sa det seg sjølv at det var rekna som stille område som er viktig for natur og friluftssinteresser. Dette er formeljuss og å sjå bort frå intensjonen til reglane, og er enno eit moment som gjer at vi opplever NVE og OED som partisk i høve til utbyggjar sine interesser.

I NVE sin "Rapport nr 13-2017 Støyutbredelse ved vindkraftverk med "typisk norsk" topografi" står det mellom anna i samandraget: *"Basert på utført feltarbeid, samtaler med naboer ved Lista vindkraftverk og resultatene av beregningene som er utført, er det grunnlag for å tro at støysjenansen kan være større i vindkraftverk med komplekst terreng enn ved vindkraftverk lokalisert i flattere landskap. Dette kan skyldes forskjellige effekter som kan bidra til periodevis stor variasjon i støynivået. Ettersom støyretningslinjen kun angir grenseverdi for gjennomsnittlig lydnivå vil slike forhold ikke bli avdekket med de beregningsmetodene som brukes i dag."*

Det området som ligg i NVE si rammeplan i Sirdal og Kvinesdal har slikt komplekst terreng.

Mariana Alves-Pereira, professor ved et portugisisk universitet, har blant anna forska på lågfrekvent lyd (som kan målast på lenger avstand), og samanhengen med sjukdom. Hennar funn samsvarar bra med plagene folk på Lista opplever. Ein bør bruka metodar som registrerer anna enn lydstyrke. Her bør ein vera føre var, og ikkje setja i gang fleire eksperiment med folkehelsa før ein har sett i gang forskning i komplekst terreng (sjå ovanfor) på både lågfrekvent og "normal" støy og fått pålitelege forskingsresultat.

Eventuelle vindturbinar på Viraksida av Sirdalsvatnet blir maks 10 km ifrå og beint imot busetnaden i Haughom. Mange av turbinane i Tonstad vindkraftverk er mindre enn 20 km frå bustadar. Hytter er mykje nærare. Dette bør dei ta på alvor ! Helsa er viktig også for folk på bygdene! Me vil ha bygder me kan bu i!

Vi meiner at KU må innehalde betre berekningar for støy. Og at NVE og OED må vera strengare med omsyn til at støygrenser for hus og hytter blir respektert.

## Iskast

Iskast har vore bagatellisert, utan krav til grundig utgreiing i KU. For Buheii vindkraftverk har isingsfaren gått frå liten/middels i KU, til ekstrem i MTA-planen. Det vil i praksis vera livsfarleg å bevega seg i Buheii vindkraft i store periodar frå oktober til april, gjennomsnittleg i 42 dagar pr år, med isklumpar opptil 13,5 kg, isklumpar reknas som farleg ned til 150 g og kan kastas ca. 380 m, og det kan kastast 120 tonn is frå ein gjennomsnittsturbin i ein vinter!!. Tonstad vindkraftverk ligg i

same heieområdet, men vil vurdere isingsfaren først i risikovurdering før kraftverket startar. Vi meiner det burde vore gjort allereie i KU, særleg sidan ein god del av planområdet blir mykje nytta til skiturar. Men vi har fått vite at ei hytte som får to turbinar 160 – ca 200 m frå hytta, og som ligg inne i Tonstad vindkraftverk, ikkje får brukast i 4 månader om vinteren på grunn av faren for iskast. Minst 5 andre hytter utanfor planområdet får turbinar så nært at dei neppe kan brukast trygt vinterstid pga iskastfare.

For begge vindkraftområda betyr det at det som blei sagt i samband med KU; at områda kunne brukas som før, og med større *tilgjengelighet* på grunn av vegane, ikkje stemmer for dei månadane det kan vera fare for iskast. Og det er ganske mange månadar i høgdene ca 700-950 moh, for så høgt rekk turbinane der. Det har ikkje blitt vurdert kva konsekvensar iskastfaren kan ha for hyttebruk og friluftsliv for desse bygdene!

Vi meiner at det må vera krav til ei grundig vurdering av iskastfaren allereie i KU. Det er svært viktig informasjon til dei som brukar området. Iskast er dessutan ein stor fare for dyre og fugleliv. Kva med HMS for tilsette som ser til turbinane? Dei må vel få panservogner for å vera trygge? Å leita etter bortkomen sau etter dei første frostnettene kan bli ein risikosport. Det må vera økonomisk viktig for dei som planlegg eit vindkraftverk og, for ising kan redusere effekten i stor grad. Og avising MÅ skjje med metodar som ikkje skadar miljøet.

### **Store endringar frå KU til endeleg vindkraftanlegg**

Der det har vore stor motstand mot vindkraftanlegg som tidlegare har fått konsesjon i det siste, har vi sett at turbinane er blitt mykje høgare enn det som var visualisert i KU, og plassering og vegnett annleis. Slik er det og med vindkraftanlegga i Sirdal og Kvinesdal; Tonstad Vindpark går frå turbinhøgde 150 til 204 m, Buheii frå 150 til 180 m. Da reagerer bebuarar og politikarar; det var slett ikkje slik dei hadde tenkt seg vindkraftanlegget. Vi meiner at utbyggjar må vera forplikta til å følgja det som er lagt fram i KU. Dersom konsesjon blir gitt, det tek lang tid og den teknologiske utviklinga gjer det aktuelt med endringar, må det utgreiast igjen med ny visualisering, støykart og andre endringar. Og kommunane må få ny høyring, der eit eventuelt nei blir teke til følgje.

### **Utbyggjar held ikkje kva dei lovar**

Tonstad vindkraftverk er eit stygt eksempel på dette. Havgul sende 12/6-2013 eit brev til Sirdal kommune der dei bekrefta at dei ville flytta dei næraste turbinane slik at de ikkje skulle synas frå Øksendal: *“Denne endringen er gjort ut fra hensynet til det visuelle inntrykket av vindparken for befolkningen i Øksendalen.”* og brevet er avslutta slik: *“Dette brev innebærer en bindende erklæring overfor Sirdal kommune.”* Sidan den tid er vindkraftverket blitt seld to gonger, og dei nye eigarane, som ikkje har noko tilknytning til Noreg, har auka turbinhøgda til 204 m. Nytt synlighetskart eller ny konsekvensutgreiing er ikkje laga etter høgdinga på 54 m av turbinane. Det var ikkje viktig, for både NVE og OED vurderte det slik at denne endringa ikkje hadde nokon innverknad på omgivelsane! Tenk det. Det fører i alle fall til at ca 5 turbinar nå blir synlege frå Øksendal...

Sirdal kommune blei heller ikkje teken med i utarbeiding av MTA-plan, noko som er forutsett frå NVE si side. Kompetansesenter for energi/visningsmølle skulle lagast, riggområde skulle vera i Sirdal og brakkene skulle gjenbrukas på Feed skiarena; det blei rigg i Flekkefjord kommune i staden. Sirdal sin klage blei ikkje teken til følgje av NVE og OED.

Og arbeidet med vindkraftanlegget vart sett i gang før avtale var gjort med eigarane som hadde støy over 45 dBA ved hytta si, no er dette omgjort til at kraftverket ikkje kan setjast i gang før avtalar er gjort. Men da er det for seint å flytta turbinar eller andre inngrep som verkeleg kan redusere støy.

### **Opprydding, mikroplast mv.**

Tiltakshavar treng ikkje stille bankgaranti for opprydding før etter 11 år. Kva om eit vindkraftverk går konkurs før den tid utan at det blir seld vidare; kven skal da rydda opp?

Og kva skal ein gjera med alle turbinvene som ikkje kan resirkuleras?

Og kva slags opprydding skal bankgarantien dekkja? Det seies at området skal tilbakeførast så langt råd er til det opphåve, men vi har ikkje sett nokon spesifisering av kva det inneber. Å ta ned turbinane er vel alle enige om, men korleis kan ein tilbakeføra oppstillingsplassar store som halve fotballbanar, sprengd ned i fjell? Og vegar der berget er sprengd? Det snakkast om revegetering, men så høgt til fjells som til dømes på Buheii (nær 800 moh), med mykje berg utan vegetasjon, kan ein gløyma den metoden.

Turbinvene er, så langt vi veit, laga av eit komposittmateriale. Mykje vind og ising vil slita både på turbinvegar og kropp. Det er rimeleg å tru at større og mindre delar av måling og komposittmateriale vil bli spreidd rundt turbinane, og over lange avstandar av vinden. Det er mykje snakk om mikropplast, som ein no finn over alt i naturen. I kor stor grad vil vindturbinane bidra til slik spreiding? Vi meiner dette må undersøkast nøye.

## **Folkehelse**

Noko som har vore lite framme i debatten, er verknaden vindkraftutbygging har på folkehelsa. Vi som har følgd med i planprosessen for to vindkraftverk over ca 10 år, og no ser at det eine er under bygging, har erfart at dette verkar inn på folks helse og trivsel.

For det første har utbyggjarane gått fram på ein ugrei måte. Dei oppsøker først grunneigarane, så vidt vi veit ein og ein, og lovar ei klekkeleg betaling, og overtyder dei om at dei er med og reddar klimaet. Så er det politikarane som blir oppsøkt. Deretter er det folkemøte, befaringar og utgreiingar, men utbyggjarane ønskjer minst muleg blest om prosjektet. Like før kommunestyremøtet der det skal avgjerast om det blir ja eller nei til utbygging, kjem dei så med milliontilbod til kommunen. Nokre av dei såkalla "avbøtande tiltaka" har ofte lite å gjera med utbygginga, som næringsfond, gang- og sykkelstiar o.a. Kor nær bestikkelse kan det bli utan at det er straffbart? Slikt blir folk frustrert av, og føler at dei når ikkje fram.

I bygdene kan det vera vanskeleg å jobba imot vindkraftanlegg, når ein veit at naboar eller slektningar tener pengar på utbygginga, som kjem vel med. Hytteigarar og friluftsfolk som får tur/jakt/fiskeområdet sitt øydelagt av turbinane, står mot grunneigarar som tener på utbygginga. Og når det seiast at kommunen treng pengane dei får så er det ikkje lett å forsvara naturen og eigne interesser.

Slik blir det lett strid og splid mellom dei som bur der, og nabo står mot nabo, slektning mot slektning.

Ei vindkraftutbygging gjer at naturopplevinga blir sterkt redusert. Støy høyrer over lange avstandar, og sjølv låg støy, når den ikkje høyrer heime i naturen, verkar forstyrrande. Synet trekkjest mot det som rører seg, og turbinvegar som sviv og skarpt blinkande lys heile døgnet, verkar veldig forstyrrande. Sidan vindturbinane blir lagt på/nær toppane, vil dei synast i mils omkrets. Å gå i eit terreng som er gjennomskore av store vegar og store

oppstillingsplassar med turbinar, gjev heller ikkje god naturoppleving. Og store periodar om vinteren kan ein oppleve at yndlings-skiturane vil vera livsfarlege på grunn av iskast.

Folk er nær knytt til landskapet sitt. Det ser ein no når vindkraftmotstanden aukar over heile landet. Å missa naturen ein er glad i inneber for mange eit identitetstap og fører til ein sorgreaksjon. Dette må det takast meir omsyn til! Urørt natur har for mange nordmenn ein eksistensiell dimensjon. Norsk kultur reflekterer også vår tilknyting til naturen. I ein så omfattande Nasjonal ramme for vindkraft som ein legg opp til, bør ein ikkje sjå vekk frå kor viktig naturen er for det norske folk.